

HOG Energi  
Strandgaten 6  
5013 BERGENDato: 13.05.2016  
Vår ref.: 2014/12933-12  
Saksbehandlar: artarne  
Dykkar ref.:

## Fylkesbudsjettet for 2016; - Tildeling av kr 750 000 i partnerskapsmiddel for 2016

I fylkeskommunen sitt budsjett for 2016 er det sett av kr 15,983 mill kr på budsjettposten «Næringsretta partnerskapsmidlar». I tillegg blir det nytta kr 6,79 mill. kr av budsjettet i Handlingsplan for næringsutvikling i Hordaland (HNH 2016) til å støtte partnerar. Fordeling av støtte til partnerar som fekk fornya si støtte i 2016 og til nye partnerar blei handsama av fylkesutvalet 29.01.2016 (PS 8/2016). Her blei både årleg støttebeløp og kor mange år støtta skal gjelde for vedtatt. Totalt får 31 partnerar og utviklingsaktørar støtte frå fylkeskommunen i 2016. Den politiske saka finn de [her](#).

I sak PS 27/2015 som blei handsama av fylkesutvalet 29.01.2015 blei det vedtatt at HOG Energi skulle få kr 750 000 pr år for perioden 2017 til 2017 i partnerskapsmidlar over budsjettposten «Næringsretta partnerskapsmidlar». I tillegg kjem kjem medlemskontingenten på kr 100 000 pr år.

I HNH 2016 har fylkeskommunen definert to særskilte innsatsområde innafor energisektoren:

- *Satsing på miljøvennleg og energieffektiv teknologi med særskilt fokus på hydrogen som energiberar.*
- *Arbeide for auka konkurransekraft i leverandørindustrien, særleg knytt til å møte omstillingsutfordringar.*

Vi vil be HOG Energi om å ha et særskilt fokus på desse innsatsområda i 2016.

Rapportering for 2016 skal skje i tråd med partnerskapsavtalen. Partnerskapsmidlar for 2017 vil ikkje bli utbetalt før årsrapportering for 2016 er godkjent.

**For utbetaling av tilskot, må de sende ein elektronisk faktura(EHF) til Hordaland fylkeskommune. Fakturaen skal være utan mva. Dette kan gjerast på to måtar:**

- 1) **Opprett ein EHF-faktura i eige fakturasystem, og merk fakturaen med saksnummer og ressursnummer.**
- 2) **Opprett ein bruker og send EHF- faktura via fakturaportalen Basware SupplierPortal (gratis)**
  - **Send faktura til Hordaland fylkeskommune: [www.hordaland.no/faktura](http://www.hordaland.no/faktura)**
  - **Sjå òg brukarretteiing på same stad**

**Ved bruk av Basware SupplierPortal skal saksnummeret nyttast som fakturanummer, og ressursnummer skal fyllast ut i feltet kjøpars referanse.**

**Saksnummer: 2014/12933**  
**Ressursnummer: 160111**

Som mottakar av partnerskapsmidlar har de ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt partnerskapsmidlar skal betalast attende snarast.

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har når som helst rett til å kontrollere at midlane blir forvalta i samsvar med vilkåra for støtte frå fylkeskommunen. De pliktar å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor dei opplysningane dei finn påkravd for sin kontroll.

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen. Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak som det vert klaga på, og dei grunnar som klagen støttar seg til.

Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjent med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Hordaland fylkeskommune sin kontaktperson er Arthur K. Arnesen, telefon 970 93 096, e-post [arthur.kristian.arnesen@hfk.no](mailto:arthur.kristian.arnesen@hfk.no)

Som partner ønskjer vi dykk lykke til arbeidet med å realisera mål, strategiar og prioriterte innsatsområde for næringsutvikling i Hordaland slik det går fram av vår partnerskapsavtale, dette tildelingsbrevet og HNH 2016.

Bård Sandal  
Fylkesdirektør regional utvikling

Mette Nora Sætre  
næringssjef

Kopi: - Regionalavdelinga v/økonomi: 10.160.308

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*